

# Ei omvurdering av Noregs krig

Var Noreg nøytralt før 9. april 1940? Svaret er nei.

SVEIN BLINDHEIM

I brev til London 11. januar 1940 skriv den britiske presseråden ved ambassaden i Oslo at Noreg, i følgje utanriksredaktøren i Arbeiderbladet, «er nesten fullstendig (*entirely*) med Vestmaktene. Dersom Noreg skal ta aktiv del i krigen, må det vere på vestmaktene si side». Men det måtte «amanøvrerast slik at nordmennene kjem til å kritisere Tyskland. Storbritannia må bli helsa som ei verje (*hailed as a protector*) og aldri bli stempla som angripar.»

Det får greie seg med dette eine dømet av mange tilsvarande frå menn med makt.

## Dei britiske «konsulane»

Kor nøytralt var det å la britiske «konsular» sende i kode til Puc-kish i London? Den norske generalstabens/overkommandoen kjende til konsular som gjorde det, men eg har ikkje oppdaga at styresmaktene våre let politiet ta desse personane.

Derimot fann eg andre som også sende kodetelegram, mellom dei den britiske marineattachéen i Noreg. Han hevdar til og med i eit brev 28. mars 1940 at Noreg gjorde ein folkerettsleg feil då landet same dag internerte den tyske ubåten U-21. Truleg var arrestasjonen følgja av «eit ønskje om å syne ei venskapeleg høining på grunn av avisartiklar om norsk nøytralitet (...) i britisk og fransk presse» som han skriv.

## Tyskarane såg dobbeltspelet

Vi får tru at tyskarane ikkje var dummare enn at dei såg det

norske dobbeltspelet. Straks før 9. april melde den tyske ambassadøren i Oslo heim til Berlin at «Noreg er no med i krigen på dei allierte si side». Men då var krigsfartya til begge partar sjøklare, med operasjonar mot Noreg som mål. Hitler gav ordre til å gjennomføre sin «Weserübung» 1. april. Vestmaktene tok avgjerda 28. mars, men utsette si «øving» fleire gonger og rota det heile til.

Vi veit korleis det gjekk. Det er ikkje feil at tyskarane overfall og hærsette tyskarane landet vårt 9. april. Men det er berre halve sanninga.

## Nektar kongen, så ...

Britane visste godt korleis støda var. Sjølv til vårt kongelege slott og «Englands svigeren» der hadde dei tilgjenge (jfr. kronikken i Klassekampen 28. september 1989 av historikar Trond Spurkeland). Engelskmennene sette truleg Haakon VII høgt. Kanskje var det grunnen til at dei var villige til å gjere alt for at han skulle bli med til England ved kapitulasjonen. «Men makt skulle berre bli brukt dersom han nekta» («*force should only be resorted to*»).

Charles Hambro, som laga handelsavtalen med Noreg straks før 9. april, på veggar av Ministry og Economic Warfare, skriv at «eg kan ikkje tenkje meg at Noreg kjem med i krigen mot oss, og eg kan ikkje forestelle meg at vi tillet Tyskland å kome først til Noreg».

Den seinare øvste etterretningssjefen Hambro visste mykje. Han hadde dei beste kontaktar, og pendla i periodar samanhengande mellom London, Stockholm og Oslo. Men i siste del av påstanden sin tok han feil. Sikkert av di han knapt

kunne forestelle seg at den øvste krigsleiinga var til dei grader ei dilettantisk snakkeforsamling.

## Handelsavtale som lenke

Den engelske ambassadøren i Noreg, Sir Cecil Dormer, seier også at handelsavtalen «gir oss høve til å dra Noreg fastare til oss, og til å stramme til når tilhøva ligg til rette for det».

Øvste leiar for handelsforhandlingane med Noreg, lord Glenconner, svogeren til ein norsk storskipsreiar, informerte heim om at den norske regjeringa «til og med ville vere viljug til å ta opp hemmelege marineforhandlingar med Storbritannia» («...*that his (Trygve Lie) government would even be willing to enter into secret naval negotiations with us...*»).

## Chamberlain om Lie

Vi gir Trygve Lie ordet, i den forma statsminister Chamberlain refererte han i krigskabinettet i London 29. februar 1940 (frå Extract from War Cabinet Conclusions):

«Det er ei veksende forståing i Noreg for at framtida deira er avhengig av vår siger, og at dei må spele ei aktiv rolle. Men ... dei er ikkje budde på å utsetje seg for større risiko før dei har førebudd seg på den. I så måte (*in this regard*) uttrykte den norske forsyningsministeren, Trygve Lie, ønsket om å innleie (*initiate*) hemmelege marine- og militær samtalar med oss».

Slikt står det lite om i memoarbøkene til Trygve Lie, eller norske historiebøker. Det står også lite om korleis Lie presse på over for London, og jamvel USA før landet kom med i krigen, om at dei skulle få basar i Noreg, at det måtte organiserast ein nordatlantisk militærallian-

Hausten 1988 forska eg i to månader i dokument vedrørende Noregs krig 1940 i riksarkivet i London.

SVEIN BLINDHEIM

Eg konsentrerte leiinga om stoff frå utanriksdepartementet (*Foreign Office*), krigsdepartementet (*War Office*) og marindepartementet som eg visste måtte finnast, men som til no har blitt halde utanfor framstillinga av den andre verdskrigen i Noreg. Mi sentrale problemstilling var denne: Har vi kanskje fått lese berre sigerherren sin versjon i dei femti åra som er gått?

Svaret var klart stadfestande. Ein samtidshistorikar og militær fagmann med vilje til å revidere gamle oppfatningar kan i London boltre seg i relevante dokument og arkivstoff.



se etter krigen og at noka nordisk forsvarsordning med Sverige var utelukka. Temaet lyt vente, det ligg utanfor denne artikkelen.

Likevel kan eg ikkje dy meg for å nemne at fiksfakseria omkring denne saka i 1942 fekk Reuter til å konkludere med at «Noreg har definitivt gitt opp ... prosjektet om ei nordisk forsvarsblokk. Noreg som atlantterhavsstat kjempar den same krigen som atlantterhavsmaktene Storbritannia og USA, og ... leitar etter tryggleik i regionalt samarbeid med desse maktene».

I Noreg krydde det elles av engelske «konsular». Ingen papir i norske eller britiske arkiv tyder på at det var lagt nokon band på verksemda deira frå det offisielle Noreg si side.

## Nye konsular

I dagane før 9. april, medan Royal Navy lasta om bord soldatar og utstyr for Noregsoperasjonen sin, kom det nye konsular til landet vårt. Eg sitrer frå ei melding om dette. Den

var frå utanriksdepartementet i London til ambassadøren i Oslo og blei sendt 2. april 1940:

«*The following officers are arriving... Captain A.C. Croft, Captain M. Munthe ... Major Palmer is arriving today ... These officers are travelling as civilians and are nominally engaged in assisting transit of ... war material to Finland. You should afford them any assistance.*

«*Another officer Captain Torrance, will proceed (reise vidare) via Stockholm to Narvik, also travelling as civilian. Please give message from War Office urgently to Major Palmer... Forget discussion last night. Carry on as you were first instructed.*».

## Irritert av kanonskot

I kaptein Torrance sin rapport les eg at han (Torrance) blei vekt av kanonskot på hotellet sitt i Narvik natt til 9. april. «Eg kleddde på meg fordi eg trudde det var våre egne styrkar og var temmeleg ergerleg fordi eg ikkje hadde motteke telegrammet eg

var blitt lova frå War Office». Torrance var tidlegare blitt fortalt at åtaka skulle ha starta i Trondheim. Slik situasjonen var, gjekk han og henta landsmannen Capt. Biggs og ein franskmann, kommandørkaptein Vavasour, før dei gjekk ned hovudgata «overtydde om å møte egne styrkar (*friendly forces*). Men då vi nådde torget, gjekk vi rett på tyske soldatar» fortel han.

Det gjekk likevel bra for dei. Kaptein Torrance snakka godt norsk, i likskap med dei nemnde kapteinane Croft og Munthe — sistnemnde hadde rett nok svensk tonefall.

Mineutleggjinga 8. april var første fase i Vestmaktplanen. «Weserübung» kom i mellom mineutleggjinga og oppdraget til dei allierte soldatane som låg innlasta, i påvente av neste lekk i planen.

Resten kjenner vi, sjølv om eg vil hevde at dei som har skrivne historia om felttoget i Noreg 1940, med førespel, ofte skriv med påhalden penn eller saknar militærfagleg bakgrunn til å forstå.